



MØTEINNKALLING ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 05.10.2021
Møtested: Heradshuset Dale
Møtetid: 10:00 - 11:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

ORIENTERINGAR

- Sjukefråvær
- Heiltidskultur
- Nytt organisasjonskart
- Tilsetjingar

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
08/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
09/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
10/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
10/2021.1	Orientering om samansetjing i Arbeidsmiljøutvalet
11/2021	SAKER TIL BEHANDLING I ADMINISTRASJONSUTVALET

28. september 2021

Hege Eide Vik
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2021	Administrasjonsutvalet	PS	05.10.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/1205

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2021	Administrasjonsutvalet	PS	05.10.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/1205

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 01.06.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 01.06.2021
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 10:00 - 11:45

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalseiar
Kjartan Haugsnes	SV	Nestleiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lillian Seim		Arbeidstakarrepr.
Magne Hestad		Arbeidstakarrepr.

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Marit Midtun	Arbeidstakarrepr.	Forfall pga streik i Unio

Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland,
HR-leiar Randi Solveig Pedersen,
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen,

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
04/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
05/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
06/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
07/2021	PLAN FOR REVIDERING OG UTARBEIDING AV PLANAR FOR LØNSPOLITIKK, SENIORPOLITIKK, KOMPETANSEPLAN M.V. - ORIENTERINGSSAK



04/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 01.06.2021

Behandling:

Thor Andersen, Ap stilte spørsmål knytt til referatsak 06/2021.2. Orientering om sak Vurdering anbud i pensjonsleverandør til handsaming. Han hadde sett for seg at utvalet ville få denne saka til vedtaksbehandling.

Kommunedirektøren gjorde greie for vurderinga som vart gjort ved planlegging av møtet.

ADM - sak 04/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

05/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 01.06.2021

Behandling:

Samrøystes godkjent.

ADM - sak 05/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

06/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR



Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Administrasjonsutvalet 01.06.2021

Behandling:

Utvalet drøfta referatsak 06/2021.02.

Referatsaker og meldingar vart samrøystes teke til orientering.

ADM - sak 06/2021 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

**07/2021: PLAN FOR REVIDERING OG UTARBEIDING AV PLANAR FOR LØNSPOLITIKK,
SENIORPOLITIKK, KOMPETANSEPLAN M.V. - ORIENTERINGSSAK**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet 01.06.2021

Behandling:

HR-leiar Randi Pedersen orienterte om saka.

Administrasjonsutvalet ønskjer å få høve til å delta i drøfting undervegs når arbeidet er godt i gong og at ein koplar på dei tillitsvalde så tidleg som mogleg i prosessen.

Administrasjonsutvalet tok samrøystes saka til orientering

ADM - sak 07/2021 Vedtak/Tilråding:

Saka vart teken til orientering.



ORIENTERING

HR-leiar Randi Pedersen orienterte om heiltidskultur i kommunen.
Kommunedirektør Atle Fasteland orienterte om status sjukefråvær.

SPØRSMÅL

Thor Andersen, Ap ba om å få ei orientering om samansetjinga i Arbeidsmiljøutvalet.
Kommunedirektøren vil koma tilbake med eit svar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2021	Administrasjonsutvalet	PS	05.10.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/1205

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
10/2021.1	Orientering om samansetjing Arbeidsmiljøutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Stab/Randi Solveig Pedersen

Vår referanse: 20/747 - 17 / FE-033

Dato: 28.09.2021

Emne: Orientering om samansetjing Arbeidsmiljøutvalet

AMU:

Sjå vedlagt årshjul

Består av:

4 representantar frå arbeidstakar (Lillian Seim HTV Fagforbundet, Elin Tyssen HTV NSF, Nina Johnsen Fagforbundet og Margrethe Kydland HVO)

4 representantar frå arbeidsgjevar (Åse Elin Myking Kommunalsjef, Solrun Hauglum kommunalsjef, Ann Kristin Bolstad Kommunalsjef og Randi S. Pedersen HR – leiar)

1 uavhengig representant frå BHT

Møter:

4 faste møter i året (mars, juni, september og desember)

Ved behov kallar vi inn til ekstra ordinære møter

Saker:

HMT (sjukefråvær og avvik)

HMT årsplan

Handlingsplanar etter vernerundar

Resultat frå medarbeidarundersøking

Budsjett

Bygg planer og kva innverknad desse har på arbeidsmiljø

Anna som har betydning for dei tilsett og deira arbeidsmiljø



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
31/2015	Arbeidsmiljøutvalet	PS	07.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 440	15/1730

Årshjul for arbeidsmiljøutvalet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årshjul for arbeidsmiljøutvalet vert godkjent slik det ligg føre.

Saksopplysningar:

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Vaksdal har 8 medlemar. Arbeidsgjevar og arbeidstakar skal vera representert med like mange representantar. Ulike grupper innan kommunen bør vera representert.

Arbeidsgjevar vel sine representantar til AMU, ein representant frå øvste leiing skal alltid vera med. I Vaksdal er arbeidsgjevar representert med to politikarar og to frå kommuneleiinga (rådmann, HR).

Representantar for arbeidstakar vert normalt valt med fleirtalsval. Hovudverneombod skal vera ein av representantane for dei tilsette. Alle tilsette unntatt øvste leiing har stemmerett og er valbare. Valet skal være skriftleg og hemmeleg. Der det fins fleire lokale fagforeiningar som saman organiserer eit fleirtal av arbeidstakarane, kan dei avtale at valet skal skje som forholdstalsval. Eller at fagforeiningane kan utpeike dei tilsette sine representantar.

Leiar skal veljast for 1 år og vert valt vekselvis blant arbeidsgjevar eller arbeidstakar sine representantar.

Bedriftshelsetenesta skal vera representert i AMU. Bedriftshelsetenesta er eit rådgivande og uavhengig organ. Bedriftshelsetenesta har ikkje stemmerett i utvalet.

Rådmann har ansvar for møte- og saksbehandling for utvalet.

Medlemene i AMU har teieplikt om personlege forhold og opplysningar som kan utnyttast av andre til næringsverksemd.

Oppgåver og mynde

Arbeidsmiljøutvalet skal arbeide for eit forsvarleg og godt arbeidsmiljø i organisasjonen. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljøarbeidet, og nøye følgje utviklinga i spørsmål som

vedkjem tryggleik, helse og velferd for arbeidstakarane.

AMU skal behandle

- spørsmål som angår bedriftshelsetenesta og vernetenesta
- spørsmål om opplæring og instruksjon på område som kan ha betyding for arbeidsmiljøet
- planar som krev samtykke frå Arbeidstilsynet, §18-9
- andre planer som kan ha vesentleg betyding for arbeidsmiljøet, som nye maskiner, rasjonaliseringstiltak, endring i arbeidsprosessar og førebyggjande vernetiltak
- etablering og vedlikehald av kommunen sitt helse- miljø og sikkerheitsarbeid
- helse- og velferdsmessige spørsmål knytt til arbeidstidsordningar

AMU skal

- gjennomgå alle rapportar om yrkessjukdommar, arbeidsulykker og tilløp til ulykker, søke å finne årsaken og sjå til at arbeidsgjevar gjennomfører tiltak for å hindre at det skjer igjen
- gjennomgå alle rapportar om yrkeshygieniske undersøkingar og måleresultat
- utarbeide ein årsrapport om arbeidet i utvalet

Framlegg til årshjul for AMU

Utvalet har fire møter pr år. Årshjulet omhandlar tidsplan for møter og faste saker til behandling i utvalet. Møtedato vert fastsett i samband med møteplan for politiske møter for halvåret.

Møter	Saker
mars	Val av leiar. Sjukefråvær 4.kvartal/året Skaderapportering (2. halvår) Status/evaluering av Handlingsplan for sjukefråvær Årsrapport
juni	Sjukefråvær 1.kvartal HMT plan - status 1.halvår Resultat medarbeidarundersøking (kvart 2 år) Høyring økonomiplan
september	Sjukefråvær 2.kvartal Skaderapportering (1.halvår) Rapport vernerundar m/risikovurderingar og handlingsplaner
desember	Sjukefråvær 3.kvartal Årsplan HMT Høyring årsbudsjett



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
11/2021	Administrasjonsutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/1205

SAKER TIL BEHANDLING I ADMINISTRASJONSUTVALET

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering

Saksopplysningar:

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval etter kommunelova §5-11 og etter avtaleverket Del B §4

Administrasjonsutvalet er sett saman av 7 arbeidsgjevarrepresentantar vald av kommunestyret, medlemmene i formannskapet, og 3 arbeidstakarrepresentantar utpeika av arbeidstakarorganisasjonane.

Utvalet har ansvar for å behandle saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

I Politisk styrings- og delegasjonsreglement finn ein to hovudpunkt for saksområde:

- Administrasjonsutvalet foreslår og handsamar overordna retningslinjer for kommunens personalpolitikk, under dette tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv.
- Drøfting av kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak, oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer, resultat frå KS sine kontaktar med statlege myndigheiter samt oppfølging av saker frå sentralt kontaktmøte.

Utvalet har i tidlegare møte kome med bestillingar som vil koma til vedtaksbehandling på eit seinare tidspunkt. Dette gjeld til dømes planar for lønspolitikk m.m.

I denne saka ønskjer kommunedirektøren å invitere medlemmer til å kome med innspel til andre aktuelle saker som Administrasjonsutvalet ønskjer å få på sakskartet i framtida.